

**DIMINA IL**

**RUTINER**



# Innleiing

Denne rutinebeskrivelsen er ei rettleiing for dommarar og andre funksjonærar. Her vil i innspurten i planlegginga kunne bli visse justeringar som vi ikkje får oppdatert her. I samråd med medlemmane i hovudkomiteen så justerer øvingsleiarane og dei andre leiarane rutina dersom det skulle vise seg vere gunstig for å få eit godt arrangement.

I tillegg til rutinebeskrivelsen, så er UM reglementet og konkurransereglane også viktige reglar å ha kontroll på.

Godt humør og litt fleksibilitet kan også vere gode eigenskaper å ta med.

## Opprop - avkryssing

Ansvarlege: Sekretariatet ved Vivian Roppen

- Avkryssinga er elektronisk. Mail med link til avkryssingsida blir sendt ut til alle utøvarane på torsdag kveld.
- Frist for avkryssing er to timar før øvinga startar.
- Kontroll av avkryssinga skjer i sekretariatet. Her vert avkryssinga registrert i frisys.
- Stafett:** Søndag skal alle lagleiarane møte til opprop på stafett. Dei skal då signere på avkryssinglista samt levere inn lagoppstilling. Lagoppstillinga skal registrerast inn i Frires.

## Seading og utskrivning av startlister

### Ansvarlege: Sekretariat ved Tine S. Berg

- Etter at avkryssinga er ferdig får seaderane levert original-lista.
- Tekniske øvingar: Juster startrekkefølgen med utøvarar som ikkje har møtt til opprop. Ikkje foreta ny trekning.
- Startlister skrivast ut og leverast i hht. oppsett liste.
- Løp: Seading av heat gjennomførast (i samråd med ansvarleg seader frå NFIF om der er slik under meisterskapet). Husk at bane 6 er beste bane på rundbana.
- Husk å skriv inn kor mange som går vidare til semifinale/finale – gjeld både løp og tekniske øvingar.
- Startlister løp skrivast ut i hht. oppsett plan.
- Original-seadelista arkiverast i perm etter at du er ferdig med seadinga.

### ANNA HJELP:

Sjå eiga rutinebeskrivelse på seading i Frires, samt finaleutplukk.

### Litt meir om seading:

På 200 meter løpes det ikkje meir enn to runder. Deltakarane seades i banene også i forsøksheata. Det oppfordrast til at en, så langt råd er, unngår å bruke bane 1 og 2 (ved 6 baner) på 200 meter i innendørsmesterskapene. På 200 skal, som grunnprinsipp, alle heatvinnarar i forsøka være kvalifisert til finale. Er antall heat for stort er det dei 6 beste tidene som går til finalen. På distanser lengre enn 200 meter seades heat med dei antatt beste i same heat. Det arrangeres ikkje noko finaleløp, men dei oppnådde tidene avgjer rekkefølga.

NB! I UM blir det med andre ord ikkje arrangert forsøksheat på 400 m.

### BANEFORDELING/SEEDING:

På 200 m avvikles forsøksheat og løpere med de 6 beste tidene går til finalen. I forsøksheatene skal en så langt som mulig unngå å bruke bane 1 på 200 m. Banefordeling i forsøk og finale på 200 m og finale på 400 m foretas etter trekning iht. Regel TR 45.2:

1. de to ytterste banene trekkes mellom de to høyest rangerte utøvere eller lag;
2. de to neste baner innenfor trekkes mellom utøvere eller lag som er rangert som nummer 3 og 4;
3. ytterligere baner trekkes mellom øvrige utøvere eller lag.

Rangeringen og sammensetning av heat skal gjøres i henhold til regel TR 20.3. 1. i den første runden fra en relevant liste over gyldige resultater som er oppnådd i perioden som er fastsatt på forhånd.

2. etter den første runden, i henhold til prosedyrene i regel TR 20.3.1.a og TR 20.5 slik; raskeste heatvinner, nest raskeste heatvinner, tredje raskeste heatvinner, osv., raskeste andre plass, nest raskeste andre plass, tredje raskeste andre plass, osv., komplettert med: raskeste kvalifiseringstid, nest raskeste kvalifiseringstid, tredje raskeste kvalifiseringstid, osv.

## Rutine når øvinga er ferdig – lister til web og premieutdeling

### Løpsøvingane:

Funksjonæren i speakerbua fullfører øvinga. Utskrift går til sekretariatet. Sekretariaet skriver ut resultatliste for oppslag og til premieutdeling.

### Tekniske øvingar

Sekretariatet fullfører øvinga når øvinga er ferdig. Skriver ut resultatlistar til oppslag og premieutdeling.

**NB! Viktig at listene til premieutdeling vert sendt ut raskt slik at dei er klare når premieutdelinga skal vere. Eit eksemplar til premieutdelarane og eit eksemplar til speaker for premieutdeling.**

## Distribusjon av startlister løp og tekniske øvingar

Ansvarlege: Sekretariat ved Tine S. Berg

Startlister:	Antal:	<b>Denne liste må vi gå igjennom før stemnestart</b>
• Oppslagstavle stemnekontor	1	
• Oppslag oppvarming	1	
• Innmarsj/callroom	1	
• Presserom	0	
• Speaker	1	
• Tidtaking	1	
• Tv-intervju	1	
• Startordnar	1	
• Oppslag start	1	
• Øving dommar	2	
• Tavle ved manuell tavle	1	
<b>Totalt</b>	<b>14</b>	

## Innmarsj – call room

Ansvarlege: Unni Dragsund

- Utøvarane som skal til innmarsj møter i call-room som er i enden av hallen. Ved porten til turnhallen
- Her skal alle kryssast av og følgande kontrollerast:
  - Startnummer skal ikkje vere bretta. I løp og kast skal alle ha startnummer framme og bak. I hoppøvingane kan ein velje å ha kun eit startnummer. Framme eller bak.
  - Pigger – kun butte 6 mm piggar er tillatt. Unntaket er høgde. Her er det lov med 9 mm spisse piggar.
  - Konkurransedrakt – Det er no lov med så mange sponsormerke ein ønsker

- Telefon, ipod og liknande elektronisk utstyr må leverast inn. Ikkje tillatt å ta med inn på bana. Leggast i plastposer med nummerlapp (startnummer). Oppbevarast i innmarsjområdet.
- Alle ventar i call-rom til det er klart for innmarsj.
- Når innmarsjtidspunktet er der, vert utøvarane marsjert inn til start. Viktig at ein ikkje blir for sein med innmarsjen til bana. Spesielt løp. Skulle bli større forsinkelsar i løp må vi vurdere å utsette innmarsjen. Ta kontakt med stemneleiar for å avklare om det er lurt.
- Dersom nokon har med eigne kuler, er det tillate. Utøvar skal då levere denne til øvingsleiar for kule for kontroll.

## Tekniske øvingar og kontroll av resultat etter øvingane.

**Ansvarlege:** Øvelsesleiarar og dommar på dei ulike øvingane (sjå funksjonærliste)

**I god tid før øvinga startar:**

Dommar/øvingsleiar er ansvarleg for at alt utstyret er på plass i god tid. Norsk rekord skal markerast med flagg (lengde, tresteg og kule).

### Kvalifiseringskonkurranse

Dersom der er 15 eller fleire som har møtt til opprop, vert det arrangert kvalifiseringskonkurranse.

Alle får då inntill 3 forsøk. Dersom ein utøvar klarer kvalifiseringsgrensa som er sett for kvar klasse, skal han ikkje delta i dei resterande omgangane.

Alle som har klart kvalifiseringsgrensa går til finalen. I tillegg vil finalen bli fylt opp med dei beste som ikkje har klart grensa. Totalt skal 12 deltakarar delta i finalen.

**Det ligger ann til kvalifiseringskonkurranser i følgjande klasser/øvelser:**

Lengde jenter U20 år Kvalifiseringsgrense 5,30 m

Lengde gutar 15 år: Kvalifiseringsgrense 5,50 m

## Lengde

**Ansvarleg:** Øvelsesleiarar: Asgeir Thorseth, Randi D. Mork

Planke med plastelina planke skal ikkje nyttast. Videodømming om ein er usikker på om det er gyldig hopp.

## Tresteg

**Ansvarleg:** Øvelsesleiarar: Kjersti Kleven, Asgeir Thorseth

**Spesielt for tresteg:**

### Utdrag frå UM reglementet vedr. planker i tresteg:

«I mesterskapene på bane skal det i lengde og tresteg benyttas hopplanker (satssteder) etter internasjonal standard med markeringsfjel. I tillegg kan benyttas alternative planker (satssteder) (f.eks 9 meter) som markeres med tape. Må flere satssteder benyttas, skal det ikke være mindre enn 2 meter mellom disse. **Tapen skal da representere den sorte fjelen på plankene og det regnes som ugyldig forsøk om tapen berøres.** Når flere planker brukes i samme konkurranse bør det markeres, f.eks med en kjegle, hvilken planke neste utøver skal benytte.»

**Dette betyr at 11 meters planken skal nyttast i jenteklassene (pluss ev. tilleggsplanker med tape) I guteklassa skal i utgangspunktet 13 meters planken nyttast. Dersom ingen gutter ønsker å hoppe, kan 11-meters planken brukes. Det er nok veldig få (kanskje ingen) gutar som vil bruke 13-meters planken.**

## Høgde

**Ansvarleg: Øvelsesleiarar: Ole Lillerovde, Britt Janne Stokkevåg**

Det blir hoppa på to matter samtidig som det foregår løp på rundbana. Vi lagar derfor til eit trenarområde inne på bana. Kvar utøver får ha ein trenar på dette området. Alle andre må stå utanfor rekkverket. Trenarane skal i størst mulig grad sitte for å hindre utsikt for publikum og TV-kamera.

### HOPPHØGDER HØGDE

J15	1,35	1,40	1,45	1,50	1,53	+ 3 cm
J16	1,35	1,40	1,45	1,50	1,55	+ 3 cm
J17, J18/19, J20/22	1,40	1,45	1,50	1,55	1,60	+ 3 cm
G15	1,50	1,55	1,60	1,65	1,68	+ 3 cm
G16 og G17	1,55	1,60	1,65	1,70	1,75	+ 3 cm
G18/19, G20/22	1,70	1,75	1,80	1,85	1,85	+ 3 cm

Utøvarar som ønsker ei lavare starthøgde får hoppe på ei høgde lavare enn oppsett i tabellen over.

## Stav

**Ansvarleg: Øvelsesleiar Bård Berg**

Vurder om det er praktisk å ha trenarane på indre bane når det ikkje foregår 60 m. Trenarane skal då sitte på benkar/stolar plassert i området. Om ein gjer dette, slepp ein at utøvarane går ut i rundbana medan det pågår løp.

### HOPPHØGDER STAV

Jenter 15	2,00	2,20	2,30	2,40	2,50	+10 cm
Alle jenteklasser	2,20	2,40	2,60	2,80	2,90	+10 cm
Gutar 15	2,50	2,70	2,90	3,00	+10 cm	
G16 og eldre	3,00	3,20	3,40	3,60	+10 cm	

Utøvarar som ønsker ei lavare starthøgde får hoppe på ei høgde lavare enn oppsett i tabellen over.

## Kule

Ansvarleg: Øvelsesleiarar; Berit Cecilie Skeide, Geir Lydersen

### Spesielt for kule:

Utøvarane kan ha med eigne kuler. Desse skal leverast øvelsesleiar ved innmarsj for kontroll. Desse kulene kan bli brukte av alle deltakarane i konkurransen.

### Vekt på kula i dei ulike klassene:

Klasse	Jenter	Gutar
15 år	3 kg	4 kg
16 år	3 kg	5 kg
17 år	3 kg	5 kg
18/19 år	4 kg	6 kg
20-22 år	4 kg	7,26 kg

Rutiner elles som for andre tekniske øvingane.

## Felles for alle tekniske øvingar

### Gjennomføring:

- Etter innhopping og prøvekast/hopp skal utøvarane presenterast.
- 5 min. før øvingstarten stillast utøvarane opp på avtalt plass i startrekkefølga. (Dette gjelder ikkje i kvalifiseringskonkurransene i lengde).
- Når alle er stilt opp skal speaker ha melding om at dei er klare til presentasjon. Dette skal skje 5 min. før øvingstarten. Desse tidspunkta kan i enkelte øvinga bli endra ut frå den totale regiplanen.
- Klokke skal brukast om du har fått tildelt klokke i øvinga. Blir først og fremst brukt i høgde og lengde.

Dei som ikkje får tildelt klokke brukar stoppeklokke og flagg der det er nødvendig for å holde tidsskjema. Sjekk med stemneleiar om du er i tvil.

### Regler for bruk av klokke:

*Merknad (i): En klokke som viser gjenstående tid for forsøket, bør være synlig for utøveren. I tillegg skal en dommer heve et gult flagg, eller på en annen måte markere, **de siste 15 sekundene** av den tillatte tiden.*

*Merknad (ii): I høyde og stav skal ikke tiden utøveren har til rådighet endres før listen flyttes til en ny høyde, med unntak for den tillatte tiden for to påfølgende forsøk. I de andre tekniske øvelsene vil den tillatte tiden for forsøk ikke endres, med unntak for den tillatte tiden for to påfølgende forsøk. Merknad*

(iii): For å bestemme hvor mange utøvere som er igjen i en konkurranse skal alle utøvere som kan bli involvert i omhopp telles med. Merknad (iv): Når det i høyde eller stav bare gjenstar én utøver som har vunnet konkurransen, og det skal gjøres forsøk på en verdensrekord eller en annen rekord som er relevant for konkurransen, skal tiden for forsøket økes med ett minutt i forhold til tidene ovenfor. **Kommentar:** For nasjonale forhold (Norgesmesterskap unntatt) kan klokken sløyfes. Dersom øvelsesleder/overdommer mener at tid for forsøk skal praktiseres må dette tydelig kommuniseres til utøverne med gult flagg eller muntlig kommunikasjon.

- Resultat vert registrert manuelt på startkort
- Resultat skal også registrerast direkte i Frisys på kvar øving.

#### **Viktig å passe på ved registrering av resultat:**

- Bruk komma og ikkje punktum
  - Husk å dobbeltklikk på det raude feltet som markerar utøveren sitt beste resultat. Då blir dette flytta til det gule feltet. Dette må gjerast for kvar omgong om utøveren har forbetra resultatet sitt.
  - I lengde og kule blir «X» registrert ved ugyldig resultat og «-» om utøver står over.
- 
- Eiga rutine for å få resultatet ut på den elektroniske tavla.
  - Etter tre omgongar skal dei 8 beste plukkast ut til 3 finale-omgongar.
  - Den som registrerar resultat sorterer lista og køyrer ut nye lister direkte til printer. Ein av hjelparane går til printeren og ventar på utskrifta så snart 3. omgangen er ferdig. Sjå eiga rutinebeskriving for dette.
  - I høgde og stav vert det om-hopping for å kåre ein vinnar om to eller fleire har like resultat. Det skal kun vere om-hopping om førsteplassen.
  - Når alle 6 omgongane er over, skal manuelle og elektroniske liste kontrollerast.
  - Klikk på resultatrekkefølge. Er der to like resultat må du gå over og sjå kven som skal rangerast best ut frå reglane i høgde, lengde/tresteg eller kule. Juster ev. rekkefølga manuelt då systemet ikkje rangerar korrekt ved like resultat.
  - Overdommar godkjenner dei endelege resultata.
  - Dommarane signerer på den manuelle lista.
  - Den manuelle lista skal leverast i sekretariatet for utskrift til offisiell resultatliste, samt liste til premieutdeling.
  - Sekretariatet set øvinga som «Ferdig». Resultata vert då lagt ut på web.

#### **ANDRE MOMENT FUNKSJONÆRANE SKAL PASSE PÅ:**

- Pass på at ingen av funksjonærane står i vegen for utsikta til tavla.



- Pass på at ingen sperrar/står i veggen for kamera eller publikum.
- Sjekk at alt utstyret er på plass i god tid før øvinga startar.
- Tidsskjemaet skal følgast.
- Assistanse frå trenar:  
Utøvaren kan snakke med trenar under konkurransa, men trenar må stå på anvist område for trenarane eller på tribuna.  
Det er også tillatt for trenar å vise videoopptak til utøvar. Trenar må då stå på trenarområdet eller på tribuna når han filmar.
- Funksjonærar som er ferdig med si oppgåve skal ikkje oppholde seg på indre bane.

### Tid mellom forsøka i høgde, stav, kule og lengde / tresteg:

	Høgde:	Stav:	Kule/lengde/tresteg:
Meir enn 3 deltakarar	30 sek.	1 min	30 sek.
2 eller 3 deltakarar	1:30 min	2 min.	1:00
1 deltakar	3:00 min	5 min:	
Forsøk etter kvarandre	2:00 min	3:00 min	2:00

## Norske rekordar

Dersom det blir sett Norske rekordar i tekniske øvingar, skal hoppet/kastet kontrollmålast med stålband. Dersom lista settast opp på Norsk rekord i høgde eller stav, skal målestaven kontrollmålast med stålband før hoppinga på rekordhøgda startar. Det er viktig at det er dommarane som gjennomfører denne kontrollmålinga.

## Stafett

### Ansvarleg: Overdommer og øvelsesleiar løp Terje Våge

- Vekslingsdommarane må få opplæring
- Svingdommarar med hjelpar som filmar svingane
- 4 stk. som filmer vekslingane
- Startordnar delar ut stafettpinner
- Husk å samle inn stafettpinnane etter kvart heat
- Vekslingsdommar skal hjelpe itl med å plassere laga i rett rekkefølge på 2. og 3. veksling

- Ver spesielt merksam på at at dei som skal ta imot pinnen må stå inne i vekslingsfeltet. Akselerasjonsfelt er ikkje tillat innandørs
- Dersom ein vekslingsdommar meiner at der er ei feil veksling, markerar han dette med gult flagg og informerar øvelsesleiar og overdommar løp umiddelbart etter målgang.

## Elektronisk tidtaking

**Ansvarleg: Overdommar el. tid Stig Sæther**

- Hent fram heatoppsett.
- Tider må registrerast så raskt som mogleg slik at offisielle tider kan leggest ut på storskjerm og TV sending.
- Ved diskvalifikasjon skal diskvalifikasjonsreglen registrerast på utøveren i tillegg til DQ. Nummeret på disk-regelen registrerast i feltet for tid.
- Etter at tidene og ev. diskvalifikasjonar er registrert, skal heatet lagrast og nytt heat hentast fram.
- Dersom nokon «løper under protest», skal ikkje tida publiserast før protesten er handsama.
- Sørg for kommunikasjon med startordnar/startar for å unngå forsinkingar.
- Funksjonæren som er ansvarleg for at alle resultat kjem inn i Frires hentar fram øvinga som er på gong. Tidtakarane må passe på dette.
- Når alle resultat har kome inn, registrerast resultatrekkefølga (ikkje resultatrekkefølge totalt).
- Ved like resultat må ein sjekke kven som skal ha den beste plasseringa og justere rekkefølga manuelt.
- Registrer øvinga som «Ferdig» og resultatlistar skrivast ut etter følgande plan:  
(Vi må ta ein diskusjon om desse listene skal skrivast ut i sekretariatet)
  - 1 eks. til oppslag.
  - 1 eks. til seeding for oppsett av finaler.
  - 3 eks. til presse.
  - 2 eks. til premieutdeling (finaler). Til speaker premieutdeling og funksjonær premieutdeling.

### **PASS PÅ:**

Pass på at tavla alltid fungerer og viser rett uoffisiell sluttid (mest mogleg korrekt).

Pass på at tidsskjemaet vert fylgt.

## Startarar og startordnarar

**Ansvarleg: Overdommar start: Pål Johannes Larsen**  
**Ansvarlig startordnere: Wenche Grimstad, Kristine Haddal**

- Pass på at tidsskjemaet vert fulgt. Det er ikkje tillate å starte før oppsett tid.
- 3 min. før start bles startar i fløyta, slik at utøvarane tek av seg kle og stiller seg klar til presentasjon.
- 2 min. før start skal dei stå klare til presentasjon.
- Presentasjon vert gjennomført av hovudspeaker.
- Det er ikkje nødvendig for startordnar å gå over til motsatt side for å sjekke om alle har hendene bak streken. Dei ser det frå sida og gir signal til startar når alt er klart.
- Ved tjuvstart må startaren vere rask med å vise kort.
- Ved disk må speaker og tidtakere få beskjed om kven som har blitt diska. Tidtakere må også få beskjed om årsaka til tjuvstarten (kva regel som er broten). Dei skal skrive inn regelnummeret i resultatlista.
- Tidtakar må også få melding før starten går om det er nokon i heatet som «løper under protest».
- Startordnar skal henvisе alle til korrekte baner. Alle skal ha startnummer, framme og bak. Dette vert og sjekka ved opprop og innmarsj.
- Når klokka er nullstilt og alt er klart ved start, spør startordnar tidtakarane om alt er klart der.
- Dersom tidtakarane ikkje er klare må dei melde når dei er det slik at ein unngår unødig mas.
- Dersom nokon ikkje kjem til mål (sprint), meld ifrå kva bane dette gjeld til tidtakar.

## Premieutdeling

**Ansvarlege: Grethe S. Moldskred**

- Utøvarane som skal ha premie samlast for innmarsj ved garderoba til venstre innanfor inngangen til hallen.
- Før premieutdelinga startar marsjerar utøvarane inn saman med medaljeberarane og premieutdelarane og stiller seg opp ved seierspallen. Det er viktig at dei står klare på tidspunktet når premieutdelinga skal starte, ref. tidsplan for dette.

- Når alle er klare startar speaker premieutdelinga.
- Når alle tre har fått sine medaljar skal det spelast av ei kort fanfare medan utøvarane står på pallen for fotografering.
- Når alle har fått sine premiar og siste fanfare er spelt, overtek hovudspeaker eller teknisk speaker for å fortsette stemnet.

#### **PASS PÅ:**

- Ikkje stå i vegen for lengde/tresteg hopparane.
- Pass at at ingen krysser rundbana når løp pågår.

## **Skjermer og musikk**

**Ansvarleg: Musikk: Tore Liadal**  
**Storskjerm: Gabriel Overvåg**

- **STEMNET SIN REGIPLAN HAR HOVUDPRIORITET**
- Bilder frå dagens øvingar visast i korte bolkar når det er ledig tid for dette.
- Sponsorpresentasjon med logoar visast i korte bolkar når det er tid for dette.
- Filmen frå UM visast før stemnet startar.
- Heatoppsett, startlister og resultat vert vist gjennom arrangementet.
- Under stemnet går streaminga på skjermen når ikkje noko anna viktig skal visast.

#### **MUSIKK**

- Fanfare ved premieutdeling.
- Bakgrunnsmusikk ved presentasjon.
- Musikk under løpa/konkurransen.

## **Stemnekontor – arbeidsoppgåver:**

**Ansvarleg: Marthe B. Vattøy**

**STEMNEKONTOR: Dette finn du i 2. etasje i Ulsteinhallen og er opent:**

Torsdag 2. mars	Kl. 18.00 til kl. 21.00 for utdeling av startnummer
Fredag 3. mars	Kl. 12.00 til kl. 21.00
Laurdag 4. mars	Kl. 08.00 til kl. 19.00
Søndag 5. mars	Kl. 07.30 til kl. 16.00

## **Startnummerutdeling og sal av piggar**

Startnummera er pakka i posar for kvar klubb.

Kryss av på liste over klubbar etter kvart som startnummer vert henta ut.

Den som hentar ut klubben sine startnummer skal også signere på lista. Vi ønsker å innhente eit telefonnummer til ansvarleg leder/trener. Noter namn og telefonnummer på lista over klubbar.

Blanke startnummer for dei som har rota vekk startnummeret. Før på talet med svart tusj.

Startkontingenten vert fakturert til klubben etter at stemnet er ferdig.

**Sal av piggar;** kr. 5,- pr. stk.

## **Mottak av ev. protestar**

- Protestgebyr på kr. 250,- skal betalast kontant ved levering av protest.
- Protestar skal leverast skriftleg.
- Protestskjema er tilgjengeleg på stemnekontoret
- Noter klokkeslettet for når protesten vart levert inn. Noter også telefonnummeret til den som leverar inn protesten.
- Kontakt stemneleiar Arve Hatløy på tlf. 414 76 148 umiddelbart om det blir levert inn ein protest.
- Blir protesten innvilga, får dei som leverte protesten gebyret tilbake.

**Stafett:** Skjema for stafettlaga har alle fått utlevert i lagposane. Men viss nokon manglar, har stemnekontoret kopi eller blanke skjema som lagleiar kan få.

**Etterpåmelding stafett:** Stafettlag kan etterpåmeldast fram til stemnestart søndag.

## **Informasjonsdesk – arbeidsoppgåver**

**Ansvarleg: Barbro Teigene Eikrem**

- Utdeling av program for NM og div. informasjon om arrangement/stemne.
- Sal av ev busspass
- Informasjon om oppsett transport og parkering (oppslag).
- Kommunikasjon med WestAuto ifm. transport.
- Informasjon om rutetider hurtigbåt/lokalbuss (oppslag).
- Kart over hallområde og kart Ulstein Kommune/lokalområde.
- Vertsfunksjon ved henvendingar.

## Ordonansar

Ansvarlege:    Sekreteriat ved Tine S: Berg

Startlister:	Antal:	Resultat:	Antal:
• Oppslag klasserom	1	1. Oppslag klasserom	1
• Oppslag oppvarming	1	2. Oppslag presserom	1
• Innmarsj	1	3. Til premieutdeling	1
• Presserom	3	4. Til speaker premieutdeling	1
• Speaker ute på bana	1		
• Tidtaking	1	Lista kan bli utvida	
• Tv-komentator	1		
• Tv-intervju	1		
• Startordnar	1		
• Oppslag start	1		
• Øving dommar	1		
• Tavle ved manuell tavle	1		
Totalt	14		

## Korgberarar

Ansvarleg:    Eli-Marthe Fjørtoft

**Ved korte løp midt i salen:** Utøvar legg frå seg kle i korg som tilhøyrrer «si» bane. Så snart løpet går kan korgberarane gå til gang ved «garasjeportar» (ved målområdet rundbane). Set frå seg korgene og tek med eit nytt sett tome korger tilbake til startområde. Viktig å gå fint i samla tropp inn og ut i bane 6. Ved eventuelle tjuvstarar må ein framleis stå i startområdet til gyldig start.

**Rundbaneløp:** Korg skal plasserast litt bak start. Korgberarar hentar korg under presentasjon av utøvarane, og stiller seg utanfor løpebana. Når starten har gått, set ein korgene i tilvist område (ved «garasjeport») og sett inn nye tome korger til neste løp.

**Eiga rutine for 1.500 m:** Korg skal plasserast litt bak start. Så snart løpet går kan korgberarane gå til gang ved «garasjeportar» (ved målområdet rundbane). Set frå seg korgene og tek med eit nytt sett tilbake til startområde. Viktig å gå i samla tropp inn og ut. Bruk grønt område forbi lengdegrop 2.

## Rydding/orden

Ansvarleg:    Bernt-Aage Ulstein

Tømme boss- og flaskedunkar. Sørge for toalettpapir på toalett og i garderobar.  
Tilsynsvakter (sit ved hovudinngang) kan kontaktast for opplåsing av bossrom.  
Flasker skal samlast inn til pant, desse skal oppbevarast i boss-sekkar på anvist stad.

## **Brannvakter**

**Ansvarlege: Bernt-Aage Ulstein**

Eiga rutine utarbeid

## **Parkering**

**Ansvarleg: Bernt-Aage Ulstein**

Eiga rutine laga

## Viktige telefonnummer UM 2023

Kjersti Kleven	91847092	Leiar hovudkomite - Regi leiar - Presse
Arve Hatløy	41476148	Stemneleder
Stig Sæther	90852399	Ass. stemneleiar + Overdommar el-tid
Barbro Teigene Eikrem	40639067	Klubbsekretær
Wenche Kleven Grimstad	90690891	Startordnar
Barbro Teigene Eikrem	40639067	Informasjon
Pål Johannes Larsen	????????	Overdommar start
Roar Holen	99703970	Andro Data AS – IT
Lill Marit Baade	92297051	Funksjonæransvarleg
Terje Våge	92061419	Overdommar løp
Helge Tryggseth	????????	Overdommar kast
Hilde Osnes	????????	Overdommar hopp
Unni Dragsund	40611215	Overdommar call room
Tine S. Berg	95888086	Seading og startlister
Vivian Roppen	99531141	Sekretariat
Stein Kolstad	????????	TD
Thor Gjesdal	98620227	NFIF
Dagfinn Nyhammer	41227968	Jury-leiar
Medisinsk apparat: Andreas Lunde	????????	Lækjar
Svein Vattøy	48017933	Fysioterapeut